



Landbruks- og matdep.		
2006	00143	84
Mottatt:	9 MAI 2006	
Saksbeh:	MF/SDD/	Arkiv: 713
Kopi:		ANSATT:

Saksbehandler: Alexander Connor

Arkivsaksnr.: 06/00191

Arkiv: V5 & 13

**ENDRING AV LOV OM VETERINÆR OG ANNET DYREHELSEPERSONELL -
HØYRINGSFRIST 15.05.2006**Saksnr.: Utvalg
0027/06 FormannskapetMøtedato
02.05.2006**Ordføreren si innstilling:**

Vestnes kommune går i mot dei føreslegne endringane av Lov 15 juni 2001 nr 75 om veterinær og anna dyrehelsepersonell slik det er utforma i dag. Kommunen meiner at tenesta bør være eit statleg ansvar for å sikre ei heilskapleg veterinærtjeneste i heile landet.

Behandling i Formannskapet den 02.05.2006 sak 0027/06

Avrøysting:

Samrøystes vedteke, som innstillinga.

Vedtak:

Formannskapet sitt endelege vedtak:

Vestnes kommune går i mot dei føreslegne endringane av Lov 15 juni 2001 nr 75 om veterinær og anna dyrehelsepersonell slik det er utforma i dag. Kommunen meiner at tenesta bør være eit statleg ansvar for å sikre ei heilskapleg veterinærtjeneste i heile landet.

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN:**

Landbruks- og matdepartementet (LMD) har sendt forslag til endring av dyrehelsepersonellova på høyring. Formålet med lovendringa er at ansvaret for veterinærdekninga og veterinærvakt i alle delar av landet overførast frå staten til kommunane. Dette skal gjelde frå 2007.

Lova fastset både bestemmingar om dyrehelsepersonellet si yrkesutøving og bestemmingar som gjeld tilgjengelegheit av tenester frå slikt personell. LMD er opptatt av at bestemmingar som gjeld tilgjengelegheit skal forvaltast så nært brukarane som mogleg.

LMD oppnemnte i mars 2004 eit utval, Sagelvmo- utvalet, som skulle vurdere veterinærtenesta. Konklusjonen og tilrådinga frå utvalet var følgjande: *"Utvalget mener at de utfordringar en står ovenfor med hensyn til å få en tilfredsstillende veterinærdekning i alle deler av landet best kan løses ved at tilgangen på kliniske veterinærtjenester gjøres til et kommunalt ansvar. Utvalget tilrår derfor at kommunene gis ansvaret for at det finnes en tilfredsstillende veterinærdekning. Utvalget mener det i den sammenheng vil være nødvendig at også det statlige ansvaret for den kliniske veterinærvakten legges til kommunal sektor."*

Staten har i dag eit ansvar for å organisere og finansiere klinisk veterinær vakt på kveld, natt, i helger og høgtider. I dag er det både ei klinisk veterinær vakt og ei spesialvakt for kjæledyr. Fleirtalet i utvalet anbefalte at den kliniske veterinær vakta bør styrkast i høve til dagens nivå, og at det i framtida kun bør vere ei ordning for klinisk veterinær vakt. På grunnlag av utvalets anbefaling, har LMD sagt opp avtalen om spesialvakt for kjæledyr. Når kommunane evt. overtek ansvaret med ordninga vil det derfor berre vere ei generell klinisk vaktordning i drift som kan ta hand om både dyr i landbruket, samt hobby- og kjæledyr. Vaktordninga har ikkje omfatta akvakulturdyr i industrielt oppdrett. Det vurderast heller ikkje som aktuelt i den nye ordninga.

Ansvar for tiltak mot smittsame dyresjukdommar og oppfølging av dyrevernsaker følgjer av anna lovverk (matlova og dyrevernslova). Forvaltninga av desse oppgåvene omfattast ikkje av den føreslegne ansvarsoverføringa, og vil framleis bli ivaretatt av Mattilsynet.

I samband med planlagt etablering av kommunalt ansvar for tilfredsstillande tilgang på dyrehelsepersonell og ansvar for klinisk vakt, er det eit behov for lovendringar.

Etter lovens § 1 andre ledd er det i dag staten som har det overordna ansvaret for å sikre ein landsdekkande dyrehelseteneste. Departementet ønskjer at kommunane frå 2007 skal sørge for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell. Viss dette skal vere mogleg, må lovens § 1 andre ledd opphevast. Samstundes vert det føreslått ei ny bestemming i § 3a om kommunane sitt ansvar.

Bestemningane i lovens § 26 om klinisk vakt regulerar i dag ordninga der staten har ansvaret og gir samstundes bestemmingar for forhandliga med yrkesorganisasjonane. I praksis har yrkesorganisasjonane vore Den norske veterinærforeininga og den kliniske vakta har retta seg

mot landdyr. Den type lovregulering bør ikkje vidareførast overfor kommunane. Departementet føreslår derfor at § 26 opphevast.

VURDERING:

Fagansvarleg si oppfatning er at kommunen med dagens bemanning er godt dekt med veterinærar. Kommunen sitt ansvar etter den føreslegne endringa av lova, vert i størst grad antatt å vere relatert til å sikre tilgang på ei tilfredsstillande vaktordning utanom det som vert sett på som ordinær arbeidstid for det aktuelle personellet.

Vestnes har i dag eit samarbeid med Rauma om veterinærvakt. Eit slikt samarbeid vil kunne vidareførast om lovendringa gjennomførast.

I ein situasjon der perspektiva for den globale matforsyninga er prega av sterk usikkerheit, vil det vere naudsynt å profilere at norsk mat er trygg og sikker. Husdyrbrukarane bør vere sikra tilfredsstillande veterinærtjeneste og forbrukarane skal vere trygg på at tenesta har same dekning og kvalitet over heile landet. Dette gjerast best ved at staten har det overordna ansvaret for veterinærordninga.

Dagens kommuneøkonomi er ikkje sterk nok til å ha ansvaret for ei slik viktig ordning. Stram kommuneøkonomi og begrensa ressursar gjer at mange kommunar slit med å følgje opp viktige arbeidsoppgåver. Kommunen fryktar at dei økonomiske overføringane ikkje dekkjer dei reelle kostnadane som følgjer ordninga. Dette kan resultere i at kommunen på sikt blir tvungen til å nedprioritere veterinærtjenesta. Ein fryktar også at ordninga kan medføre meir administrativt arbeid som kan gå utover andre arbeidsoppgåver som kommunen alt slit med. Noko som vil vere uheldig.

Mattilsynet vil bli fritatt det ansvaret dei har med å administrere dagens vaktordning for veterinærar. I følgje høyringsbrevet har Mattilsynet oppgitt at dei årlege administrasjonskostnadene knytt til dagens vaktordning for veterinærar er 0,5 mill kroner. Dette er ein relativt lav kostnad, og det er grunn til å tru at ordninga blir dyrare når ansvaret vert spreidd ut til landets kommunar.

LMD tar sikte på at både midlane til klinisk veterinærvakt og midlane knytt til det nye ansvaret for tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell skal innlemmast i rammetilskotet til kommunane, evt. ved ei øyemerking av tilskot i ein overgangperiode. Men dei økonomiske sidene av ansvarsreforma skal ikkje omtalast nærare før kommuneproposisjonen leggest fram våren 2006

Det er altså særdeles uklart korleis ein økonomisk skal kunne sikre ei tilfredsstillande ordning, når ein ikkje veit kva for økonomiske rammer ein har å arbeide ut i frå. Og kva er tilfredsstillande? Skal *tilfredsstillande* vurderast ut i frå økonomiske omsyn eller dyrehelsemessige?

Både administrasjon av ansvaret for sjølve ordninga og administrasjon av ei vaktordning, vil gi ein del administrative kostnader for kommunane. Sjølv om regjeringa har ambisjonar om at alle nye oppgåver som delegerast til kommunal sektor skal vere fullfinansiert, er dette ein ambisjon som fort kan bli ein dyr realitet for kommunane.

Vedlegg:

- Høyringsbrev
- Gjeldande lov om veterinær og dyrehelsepersonell

Vedtak til: Landbruks- og matdepartementet (LMD)
Arkivkopi.

